

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	13.10.2020	048/20

Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg

Samandrag:

For areal frå tidlegare Fjell kommune gjeld lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg. Etter forskrift om sammenslåing av Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune til Øygarden kommune, Hordaland, skal lokale forskrifter verte fastsett innan 1. januar 2021. Kommunedirektøren legg fram sak med drøfting av om forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg skal verte vidareført i Øygarden kommune.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg, Fjell kommune, Hordaland

Innstilling til vedtak:

Utval for samfunnsutvikling legg ut på høyring framlegg om å oppheve *Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg, Fjell*, jf. forvaltningsloven § 37 og forurensningsforskriften § 12-6.

Saksopplysningar:

Om lovverket

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) er nasjonal forskrift. Krav til utslepp av sanitært avlaupsvatn følgjer av forskrifta kap. 12. Etter § 12-6 kan kommunen «.. fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i fra forurensningsmessige forhold eller brukerinteresser. Kravene i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13».

§§ 12-7 til 12-13 gjeld avløpsnett, utslepp til følsamt og normalt område, utslepp til mindre følsamt område, dokumentasjon av reinsegrad, utsleppsstad, lukt og utforming og drift av reinseanlegg.

Søknadar om utslepp frå bustadhús, hytter, turistbedrifter og liknande med lågare utslepp enn 50 pe vert behandla av kommunen, jf. forurensningsforskriften § 12-1. Kommunen behandler også

søknadar om kommunalt utslepp frå tettbygd strøk mindre enn 10.000 pe til sjø, mindre enn 2000 pe til elvemunning og mindre enn 2000 pe til ferskvann, jf. kap. 13.

Etter § 11-6 i høve områdeinndeling skal «*Klima- og miljødepartementet eller den departementet bemyndiger, registrerer følsomme, normale og mindre følsomme områder som fremkommer av vedlegg 1 punkt 1.2.*

Dersom endringer i områdeinndelingen medfører at avløpsanlegg får endrede rensekrav i henhold til kapittel 13 eller 14, må nye krav oppfylles innen syv år etter endringen».

I den nasjonale forskrifta er Øygarden kommune registrert som *mindre følsomme områder*.

Om lokal forskrift

Forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg i Fjell kommune tredde i kraft 01.06.2007. Det følgjer av § 1 i den lokale forskrifta om verkeområde og formål: «*Forskrifta gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter, turistbedrifter og liknande verksemder med utslepp mindre enn 50 personeiningar (pe). For verksemder som berre slepp ut gråvatn, gjeld denne forskriften berre dersom det er innlagt vatn (jf. forureiningsforskrifta § 12-1).*

Forskrifta er fastsett av kommunestyret i Fjell kommune den 26. april 2007, og regulerer bruken av tekniske løysingar for avløp frå separate avløpsanlegg. Sonene er vist på kart i målestokk 1:50.000, datert 26. april 2007.»

Tidlegare Fjell kommune er i forskrifta delt inn i fem soner med tilhøyrande krav til rensing (sjå vedlegg):

- kvite soner =«mindre følsame område» (mekanisk rensing)
- blå soner «sjøområde med avgrensa resipientkapasitet» (biologisk rensing)
- gule soner «område med endå mindre resipientkapasitet» (biologisk og kjemisk rensing)
- grå sone «sjøområde med liten resipientkapasitet og landområde med viktige naturressursar mv.»
- raude soner (forbodsoner)

Forbodsoner gjeld følgjander vatn med tilhøyrande nedslagsfelt:

- Kvernvatnet
- Fjæreidvatnet, Buskevatnet, Engesvatnet, Klovavatnet, Bakkatjørna, Fjerdavatnet, Ørjebekkvatnet
- Kyrkjevatnet, Midtvatnet, Liavatnet
- Bildøyvatnet
- Storavatnet
- Kørelen

Drikkevatn

Det følgjer av drikkevannsforskriften § 26 om kommunens plikter at «*Kommunen skal i samsvar med folkehelseloven kapittel 2 ta drikkevannshensyn når den utarbeider arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplaner, samt når den gir tillatelser etter relevant regelverk.*

Kommunen skal i samarbeid med vannverkseieren vurdere behovet for restriksjoner for å beskytte råvannskilder og vanntilsigsområder. Dette gjelder også i forbindelse med planarbeid etter plan- og bygningsloven».

I kommuneplanens arealdel (KPA) i Fjell er det for Fjæreidevatnet, Bildevatnet og Kørelen regulert inn sikringssoner for drikkevasskjelder.

Område omfatta av sikringssona rundt Bildevatnet er satt av til landbruk, natur og friluftsformål (LNF).

Ein mindre del av sikringssona til Fjæreidevatnet er sett av til LNF-spreidd bustadbygging for gnr. 29, utan ledige byggekvoter. I KPA føresegn pkt. 60 bokstav c nr. 1 i høve Fjæreidevatnet, er det fastsett at «*Det er ikkje tillate å føra opp nye bustader, bygge på eller å endra bustader i nedbørssfeltet (jf. ekspropriasjonsløyve av 1987 og skjønn av 1992).*».

Eit større område nord for Kørelen er sett av til LNF-spreidd bustadbygging. For Kørelen og tilhøyrande nedbørssfelt er det fastsett følgjande føresegner i KPA pkt. 60 b i høve til utslepp:

- «3. Oppføring av nye bustader er tillate dersom avløpsvatnet vert ført ut av nedbørssfeltet.
- 6. Sanitæravlaøp (avløp frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom o.l.) skal førast ut av nedbørssfeltet.
Det gjeld også for eksisterande busetnad.
- 7. Gråvatn (sanitæravlaøp som ikkje inneheld avløp frå klosett) kan infiltrast til grunnen etter godkjenning frå kommunen.
- 8. Tømming av privat/do er ikkje tillate.»

Kørelen og nedslagsfeltet til Kørelen, som var del av Sund kommune, er omfatta av fleire arealplanar der det er opna for bustadbygging. Det er bygd ut offentleg VA nett i desse områda, som inneber at nye utslepp skal verte knytt til dette jf. plan- og bygningsloven §§ 27-1 og 2. Dette kravet gjeld så lenge kostnadane er innanfor rammene sett i sak om *Retningslinjer for godkjenning av annan ordning enn tilknyting til offentleg VA-anlegg*, vedteke av kommunestyret 18.06.2020. Når private skal knyte seg til offentleg avlaupsnett skal det ikkje verte søkt kommunen om utsleppsløyve, men førehandsuttale frå ØYVAR.

I kommuneplan for gamle Øygarden følgjer det av pkt. 21.5:

«*Følgjande nedslagsfelt er enten klausulert eller av ei slik betydning at det er naudsynt å ha retningslinjer for bruk av områda:*

- H110_1 Nedslagsfelt Hjelmevatnet – klausulert
- H110_2 Nedslagsfelt Storavatnet – klausulert
- H110_3 Nedslagsfelt Stølevatnet
- H110_4 Nedslagsfelt Steinsvatnet – klausulert
- H110_5 Nedslagsfelt Stegaviksvatnet
- H110_6 Nedslagsfelt Sturevatnet

For dei klausulerte områda vert det vist til eigne klausuleringsbetsmmingar for dei einskilde områda. For nedslagsfelt som ikkje er klausulert vert det ikkje tillate med tiltak eller aktivitetar som kan vera med å negativt påverke kvalitet av våvatnet».

Vurdering:

Resipientar og teknologi

I tidlegare Fjell og Øygarden kommunar har ein dokumentasjon på recipientkapasitet i dei fleste meir innestengte sjøbasseng (poller). Det er like fullt behov for å gjere ei kartlegging av område der det kan vere naudsynt med nye recipientundersøkingar. Dette gjeld både for område som er omfatta av den lokale forskrifta og andre areal i kommunen.

Den lokale forskrifta er frå 2007 og definerer krav til type reinsing, som bør verte vurdert på nytt opp mot nyare teknologi. Til dømes slamavskiljarar med betre reinsekapasitet (funksjonsstandard og ikkje basert på volum) enn den typen som lokal forskrift føreset at skal verte nytta. Den nasjonale forurensningsforskrifta set krav til reinsing utan spesifisering av type reinseanlegg. Dette opnar for alternative reinseløysingar, men krava må dokumenterast.

Ved fastsetting av eventuell ny lokal forskrift bør ein i tillegg vurdere behov for å utvide

verkeområdet til større delar av kommunen. Ved fastsetting av ny lokal forskrift bør den vere basert på nye resipientundersøkingar, lovverk og teknologi.

Områdeinndeling

Forurensningsforskriftens § 12-8 set minstekrav for utslepp til følsamt og normalt område, § 12-9 set minstekrav til mindre følsamt område. Begge paragrafane viser til kartlegging av område som følgjer av vedlegg 1 i kap. 11. Lokalt er det gjort vurderingar som viser at det er følsame områder i kommunen. Dette avviker frå den nasjonale forskriftenas vedlegg 1, som definerer Øygarden kommune som eit mindre følsomt område. Vidare har kommunen fleire drikkevasskjelder som er viktig å beskytte frå forureining.

Ved behandling av søknad kan kommunen «*.. fastsette krav som fraviker § 12-7 til § 12-13, herunder fastsette krav til utslippssted, -anordning og -dyp, eller nekte etablering av utslipps .. Når kommunen avgjør om det skal fastsettes andre krav, skal det legges vekt på de forurensningsmessige ulempene ved tiltaket sammenholdt med de fordeler og ulempene som tiltaket for øvrig vil medføre».*

Kommunedirektøren vurderer at det ved søknad om utslepp skal verte gjort ein konkret vurdering av miljøtilhøva på staden. Soneinndeling i vedlegg 1 i nasjonal forskrift er ikkje til hinder for å gjere lokal miljøvurdering. Vidare kan kommunen gjere ei konkret vurdering i høve krav til rensing.

Kommunedirektøren sin vurdering er at ved oppheving av den lokale forskriftena om mindre avløpsanlegg, vil det fortsatt vere strenge krav til utslepp. Nye utslepp vil ikkje verte godkjent ut i drikkevatn/råvatin som skal verte brukt til drikkevatn.

Det vert tilrådd at den lokale forskriftena om utslepp vert oppheva og nasjonal forskrift vert gjeldande for heile kommunen. Kjent kunnskap som ein har frå kartleggingane som var gjort for å utarbeide den lokale forskriftena i Fjell, kan verte lagt til grunn ved behandling av søknadar. Dersom det ligg føre nyare kunnskap vert dette del av vurderingsgrunnlaget.

Oppheve forskrift

Etter forvaltningsloven § 37 andre ledd skal «*Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftena skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utfordiget, endret eller opphevets»* (vår uthaving).

Kommunedirektøren rår til at framlegg om å oppheve forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg, Fjell, vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling (UFS) 13.10.2020:

Votering:

Innstillinga frå kommunedirektøren vart samråystes vedteken.

Det vart stilt spørsmål ved bruken av kommunenavn. Administrasjonen får fridom til å undersøke og ev. endre dette.

Kommunalsjef Råmund Skjold og John Torkildsen frå administrasjonen svara på spørsmål.

Desse hadde ordet i saka:

Svein Berger Bjørge (FrP), Nils Bjarne Tofterå (SL).

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling (UFS) - 13.10.2020 - 048/20

Utval for samfunnsutvikling legg ut på høyring framlegg om å oppheve *Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg, Fjell*, jf. forvaltningsloven § 37 og forurensningsforskriften § 12-6.

